



## Austevoll kommune

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900,  
5020 BERGEN

Dato	Sakshandsamar	Vår ref.	Dvkkar ref.
27.11.2015	Erik Andreas Kyvig	15/1515 - 2	

### Melding om vedtak

### Høyringsuttalelse til forslag til regional transportplan for 2018-2029

Formannskapet handsama ovannemnde sak i møte den 26.11.2015, sak 077/15.

Det vart gjort følgjande vedtak:

*Austevoll kommune understrekar at ferjesambanda Hufthamar—Krokeide og Husavik—Sandvikvåg har trøng for kraftig utbetra ferjetilbod. Det vert vist til innspel fra Austevoll kommune til Skyss vedkomande dette, der det mellom anna blir tydeleggjort at særleg rutetilboden Hufthamar—Krokeide er langt dårlegare enn samband med tilsvarende trafikk. Det blir også vist at trafikkveksten har vore svært høg gjennom ei årrekke og at utviklinga i Austevoll vil medverke til kraftig trafikkvekst også i framtida. Austevoll er ein mellomstor kommune med 5.100 innbyggjarar og svært høg næringsaktivitet. Samstundes er Austevoll saman med Fedje den einaste kommunen i fylket som er avhengig av ferje fordi det ikkje har alternative omkjøringsvegar. Dette må vektleggast.*

*Austevoll kommune understrekar behovet for å oppretthalde ei god lokalbåtrute i Austevoll med teneleg rutetilbod. Det blir også peika på at snøggbåtruta til Sunnhordland er ein sentral del av kollektivtilboden i fylket og at ruta må styrkast med målsetnad om å auke kollektivandelen. Austevoll kommune ber om at snøggbåten mellom Bergen og Sunnhordland får fleire anløp og stjernestopp i Bekkjarvik.*

*Ferjeavløysingsprosjekt. På lengre sikt vil Austevoll at det blir arbeidd med å nytta denne finansieringsmodellen for å knyta Austevoll på ny E39.*

*I gjeldande RTP er prosjektet Torangsvågbrua omtalt som aktuelt etter 2017. Dette er ferdig regulert tilbake i 2007 og den gong kostnadsrekna til kr 38 millionar. Austevoll kommune forventar at det blir lagt inn tidleg i denne planperioden.*

*I gjeldande RTP er vegen til Salthella omtalt som aktuell til å bli overordna vegnett etter at fiskerihamna er utbygd. Hamna er no ferdig utbygd og kommunen ber fylkeskommunen løfte statusen til overordna vegnett frå Storebø, via austsida av Huftarøy og heilt fram til Salthella. Fleire argument talar for dette: På vegstrekket Bjelland er Havforskningsinstituttet av. Austevoll og Austevoll vidaregaande skule, med til saman nær 100 arbeidsplassar, og 300 elevplassar. Vidare på vegstrekket er ferjestrekninga Husavik—Sandvikvåg, som knyt Austevoll på E39 på Stord og sørover. Vegen her er særsla, både som skuleveg, veg til større arbeidsplassar, og ikkje minst som viktig samferdsleåre. Dette har vore teke opp ved tidlegare høve og meldinga har då vore at det vil vera natrulleg å ta dette grepet når den nasjonale fiskerihamna på Salthella er klar. No er tida inne.*

*Kommunen viser vidare til nyleg vedtatt trafikksikringsplan for andre aktuelle vegprosjekt i Austevoll, og då særleg dei vegstrekka som er skuleveg for barna våre. Her kan spesielt nemnast vegen frå Selbjørn, inkludert bruа, på vegge sider og mot Fagerbakke.*

*Austevoll kommune ber om at det blir utgreidd flytting av ferjekaien på Krokeide, der dette fører til innkorting i reisetid og tilknyting nærmest mogleg E39.*

Spørsmål til saka kan rettast til Erik Andreas Kyvig tlf. 55 08 10 00 eller til postmottak@austevoll.kommune.no.

Storebø, 27.11.2015

Med helsing  
Erik Andreas Kyvig

**Mottakarar av brevet:**  
Hordaland fylkeskommune

## Saksframlegg

Saksnr	Utval	Type	Dato
077/15	Formannskapet	PS	26.11.2015
Sakshandsamar	Arkiv		ArkivsakID
Erik Andreas Kyvig			15/1515

### Regional transportplan for 2018-2029

Formannskapet - 077/15

**Handsaming:**

Fellesframlegg fra alle partia:

Austevoll kommune understrekar at ferjesambanda Hufthamar—Krokeide og Husavik—Sandvikvåg har trøng for kraftig utbetra ferjetilbod. Det vert vist til innspel frå Austevoll kommune til Skyss vedkomande dette, der det mellom anna blir tydeleggjort at særleg rutetilboden Hufthamar—Krokeide er langt dårligare enn samband med tilsvarende trafikk. Det blir også vist at trafikkveksten har vore svært høg gjennom ei årrekke og at utviklinga i Austevoll vil medverke til kraftig trafikkvekst også i framtida. Austevoll er ein mellomstor kommune med 5.100 innbyggjarar og svært høg næringsaktivitet. Samstundes er Austevoll saman med Fedje den einaste kommunen i fylket som er avhengig av ferje fordi det ikkje har alternative omkjøringsvegar. Dette må vektleggast.

Austevoll kommune understrekar behovet for å oppretthalde ei god lokalbåtrute i Austevoll med teneleg rutetilbod. Det blir også peika på at snøggbåtruta til Sunnhordland er ein sentral del av kollektivtilboden i fylket og at ruta må styrkast med målsetnad om å auke kollektivandelen. Austevoll kommune ber om at snøggbåten mellom Bergen og Sunnhordland får fleire anløp og stjernestopp i Bekkjarvik.

Ferjeavløysingsprosjekt. På lengre sikt vil Austevoll at det blir arbeidd med å nytta denne finansieringsmodellen for å knyta Austevoll på ny E39.

I gjeldande RTP er prosjektet Torangsvågbrua omtalt som aktuelt etter 2017. Dette er ferdig regulert tilbake i 2007 og den gong kostnadsrekna til kr 38 millionar. Austevoll kommune forventar at det blir lagt inn tidleg i denne planperioden.

I gjeldande RTP er vegen til Salthella omtalt som aktuell til å bli overordna vegnett etter at fiskerihamna er utbygd. Hamna er no ferdig utbygd og kommunen ber fylkeskommunen løfte statusen til overordna vegnett frå Storebø, via austsida av Huftarøy og heilt fram til Salthella. Fleire argumentalar for dette: På vegstrekket Bjelland er Havforskningsinstituttet av. Austevoll og Austevoll vidaregaande skule, med til saman nær 100 arbeidsplassar, og 300 elevplassar. Vidare på vegstrekket er ferjestrekninga Husavik—Sandvikvåg, som knyt Austevoll på E39 på Stord og sørover. Vegen her er særslig trafikkert, både som skuleveg, veg

til større arbeidsplassar, og ikkje minst som viktig samferdsleåre. Dette har vore teke opp ved tidlegare høve og meldinga har då vore at det vil vera natruleg å ta dette grepet når den nasjonale fiskerihamna på Salthella er klar. No er tida inne.

Kommunen viser vidare til nyleg vedtatt trafikksikringsplan for andre aktuelle vegprosjekt i Austevoll, og då særleg dei vegstrekka som er skuleveg for barna våre. Her kan spesielt nemnast vegen frå Selbjørn, inkludert bruа, på vegge sider og mot Fagerbakke.

Austevoll kommune ber om at det blir utgreidd flytting av ferjekaien på Krokeide, der dette fører til innkorting i reisetid og tilknyting nærmest mogleg E39.

Ved røysting vart fellesframleggget samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Austevoll kommune understrekar at ferjesambanda Hufthamar—Krokeide og Husavik—Sandvikvåg har trond for kraftig utbetra ferjetilbod. Det vert vist til innspel frå Austevoll kommune til Skyss vedkomande dette, der det mellom anna blir tydeleggjort at særleg rutetilbodet Hufthamar—Krokeide er langt dårlegare enn samband med tilsvarende trafikk. Det blir også vist at trafikkveksten har vore svært høg gjennom ei årrekke og at utviklinga i Austevoll vil medverke til kraftig trafikkvekst også i framtida. Austevoll er ein mellomstor kommune med 5.100 innbyggjarar og svært høg næringsaktivitet. Samstundes er Austevoll saman med Fedje den einaste kommunen i fylket som er avhengig av ferje fordi det ikkje har alternative omkjøringsvegar. Dette må vektleggast.

Austevoll kommune understrekar behovet for å oppretthalde ei god lokalbåtrute i Austevoll med teneleg rutetilbod. Det blir også peika på at snøggbåtruta til Sunnhordland er ein sentral del av kollektivtilboden i fylket og at ruta må styrkast med målsetnad om å auke kollektivandelen. Austevoll kommune ber om at snøggbåten mellom Bergen og Sunnhordland får fleire anløp og stjernestopp i Bekkjarvik.

Ferjeavløysingsprosjekt. På lenger sikt vil Austevoll at det blir arbeidd med å nytta denne finansieringsmodellen for å knyta Austevoll på ny E39.

I gjeldande RTP er prosjektet Torangsvågbrua omtalt som aktuelt etter 2017. Dette er ferdig regulert tilbake i 2007 og den gong kostnadsrekna til kr 38 millionar. Austevoll kommune forventar at det blir lagt inn tidleg i denne planperioden.

I gjeldande RTP er vegen til Salthella omtalt som aktuell til å bli overordna vegnett etter at fiskerihamna er utbygd. Hamna er no ferdig utbygd og kommunen ber fylkeskommunen løfte statusen til overordna vegnett frå Storebø, via austsida av Huftarøy og heilt fram til Salthella. Fleire argument talar for dette: På vegstrekket Bjelland er Havforskingsinstituttet av. Austevoll og Austevoll vidaregaande skule, med til saman nær 100 arbeidsplassar, og 300 elevplassar. Vidare på vegstrekket er ferjestrekninga Husavik—Sandvikvåg, som knyt Austevoll på E39 på Stord og sørover. Vegen her er særslig trafikkert, både som skuleveg, veg til større arbeidsplassar, og ikkje minst som viktig samferdsleåre. Dette har vore teke opp ved tidlegare høve og meldinga har då vore at det vil vera natruleg å ta dette grepet når den

nasjonale fiskerihamna på Salthella er klar. No er tida inne.

Kommunen viser vidare til nyleg vedtatt trafikksikringsplan for andre aktuelle vegprosjekt i Austevoll, og då særleg dei vegstrekka som er skuleveg for barna våre. Her kan spesielt nemnast vegen frå Selbjørn, inkludert bru, på vegge sider og mot Fagerbakke.

Austevoll kommune ber om at det blir utgreidd flytting av ferjekaien på Krokeide, der dette fører til innkorting i reisetid og tilknyting nærmest mogleg E39.

### **Tilråding frå rådmannen:**

Austevoll formannskap stiller seg bak planomtalen, men ber om at Hordaland fylkeskommune tar inn merknader knytt til ferjesamband og prioritering av vegnettet i Austevoll.

### **Vedlegg:**

Høyringsframlegg Planprogram, regional transportplan Hordaland 2018-2029

Innspel til Skyss vedkomande ferjetilbod til Austevoll

### **Bakgrunn for saka:**

Planprogram for regional transportplan (RTP) for 2018 - 2029 er på høyring med merknadsfrist 27. november 2015.

Regional transportplan skal vere ein regional langsiktig strategiplan for transportsektoren i Hordaland. Regional transportplan skal formulere mål, strategiar og retningslinjer for ulike tema innanfor transportsystemet i fylket. For tema innanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde vil strategiane og retningslinene verte fylgt opp gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak som peiker mot konkrete prosjekt og løyving av midlar over fylkeskommunale budsjett. Planen skal også leggjast til grunn for statlege prosessar og kommunal arealplanlegging.

### **Merknadar til planprogrammet**

Planprogrammet omtalar utgreiingsbehov under punkt 5.1.1, og nemner blant anna overordna fylkesvegnett for vidare oppfylgjing av aktuelle utgreiingstema i moglegheitsstudie for fylkesvegsamband knytt til ny E39 Bergen – Rogaland. Austevoll kommune er positive til at moglegheit for nytt samband via bru over Langenuen til Austevoll som erstatning for dagens to ferjesamband, utgreiast vidare i samarbeid med prosjektorganisasjonen for E39 i Statens Vegvesen.

Mesteparten av vegnettet i Austevoll er underlagt lavast prioritering i kategori ”øvrig fylkesvegnett”. Under punkt 5.1.2 blir det foreslått at for fylkesvegar som ikkje inngår i det overordna vegnettet skal utviklast med særleg fokus på å stogga vedlikehaldsetterslep. Det vert lagt opp til punktvise utbetringar særleg retta mot trafikktryggleik og skredsikring. Austevoll kommune har eit stor behov for opprusting av fylkesvegnettet då det er få omkjøringsmogleheter og særedeles smal veibredde.

Austevoll kommune ber Hordaland fylkeskommune legge vekt på at:

- Austevoll har ein vekst på 10 prosent i folketal dei siste fem åra og innbyggjartalet er venta å stige ytterlegare 30 prosent dei neste 15-20 åra.
- Innpendlinga til kommunen auka med 11 prosent kvart år sidan 2000 og i 2014 var talet på pendlarar inn til kommunen heile 709. Talet på pendling ut av kommunen var 383 pr. 2014.
- Utviklinga i folketal, næringsutvikling og pendling tyder på at trafikkveksten vil halde fram i åra som kjem.

I punkt 5.1.8 blir ferjesamband omtala. Austevoll kommune har i samband med nye anbodskonkurransar sendt innspel til skyss vedkommande ferjetilbod til Austevoll. Vi har ikkje merknader til planprogrammet på dette punktet, men innspellet er lagt ved til orientering og Austevoll kommune vil understreke at ferjetilboden er ein premiss for busetnad, aktivitet og verdiskaping i Austevoll.

#### **Vurdering:**

Rådmannen tilrår at Formannskapet stiller seg bak planomtalen, men ber om at Hordaland fylkeskommunen retter seg etter merknader knytt til ferjesamband og prioritering av vegnettet i Austevoll.

# Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

(Forvaltningslova § 27 tredje og fjerde ledd)

<b>Mottakar</b> <b>Austevoll kommune</b> <b>5392 Storebø</b> <b>Epost: postmottak@austevoll.kommune.no</b>	<b>Dato</b>	<b>Klageinstans</b>
<b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De ynskjer å klaga over vedtak De har fått melding om.</b>		
<b>Kven kan De senda klagen til</b>	Klaga skal først sendast til avsendaren av denne meldinga. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli sendt vidare til klageinstansen for avgjerd. Dersom vedtaket er gjort av kommunale eller fylkeskommunale organ, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller det organet desse har gjeve det til. Dersom vedtaket er gjort av kommunestyret eller fylkestinget, er klageinstansen kommunaldepartementet eller det organ det har gjeve myndet til.	
<b>Fristen til å klage</b>	<b>Klagefristen er 3 veker fra den dag dette brevet kom fram.</b> Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vera uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber vi om at De oppgjev når denne meldinga kom fram. Dersom klagen vert sendt for seint, er det høve til å sjå bort frå den. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkja om å få forlenga klagefristen. De bør då i tilfelle nemna grunnen til forseinkinga.	
<b>Rett til å kreva grunngjeving</b>	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setja fram krav om å få det. Slik krav må setjast fram i løpet av klagefristen. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist tek til å gå frå det tidspunkt De mottek grunngjevinga.	
<b>Innhald i klagen</b>	Klagen skal nemna det vedtaket det vert klaga på, og den eller dei endringar som De ynskjer. De bør også nemna Dykkar grunn for å klaga og eventuelle andre opp-lysningar som kan ha noko å sei for vurderinga av klagen. Klagen må underteiknast.	
<b>Utsetjing av vedtaket</b>	Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De har likevel høve til å søkja om å få utsett iverksetjinga av vedtaket til klagefristen er ute eller klagen er avgjort.	
<b>Rett til å sjå dokument i saka og til å krevja rettleiing</b>	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå dokumenta i saka. De må i tilfelle venda Dykk til det forvaltningsorganet som har sendt denne meldinga. Der kan De også få nærmare rettleiing om høvet til å klaga, om framgangsmåten ved klage og om reglane for sakshandsaminga elles.	
<b>Kostnader ved klagesaka</b>	De kan søkja om dekking av utgifter til naudsynt advokatbistand etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld imidlertid normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannen sitt kontor eller vedkomande advokat kan gje nærmare rettleiing. Det er også særskilt høve til å krevja dekking av vesentlege kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokatbistand. Dersom vedtaket er blitt endra til beste for ein part, er det også høve til å søkja dekking for vesentleg kostnader i samband med saka. Klageinstansen vil om naudsynt orientera Dykk om retten til å krevja slik dekking for sakskostnadene.	
<b>Klage til Sivilombodsmannen</b>	Det er også mogleg å klaga til Stortinget sin ombodsmann for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen har ikke høve til å handsama saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De no får Dykk klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De difor ikke seinare bringa saken inn for Sivilombodsmannen.	
<b>Særlege opplysningar:</b>		